



## Heimebesøk av jordmor og helsesjukepleiar

Jordmor kjem på heimesbesøk 1-2 dagar etter at de er komen heim frå sjukehuset.

Helsesjukepleiar kjem ca 1 veke etter at jordmor har vore hos de.

Målet med besøket er å gje god informasjon om barseltida, undersøke babyen for gulsott og sjekke vekta til babyen. Informasjon og rettleiing om amming.

Det vert og laga ein plan for besøk av helsesøster og vidare oppfølging.

For at samtala og informasjonen skal bli så god som mogeleg er det fint om de ikkje har besøk når me er der, me ynskjer og at TV er av og at det er varmt og godt i stova når me undersøker babyen.

Det er og viktig at partner er tilstade under samtala slik at begge får med seg viktig informasjon.

Dersom me skal ta nyfødtscreening (blodprøve av babyen) må føtene til babyen vere gode og varme. Me treng at de kokar opp litt sukkervatn :

1. 1 strøken spiseskje sukker skal løysast opp i 1 dl kokt vatn, avkjølt til me kjem.
2. Me bruker berre 1 ml sukkervatn som babyen får i munnen som smertelindring før me tar blodprøve i foten.

**Me gler oss til å helse på den nyfødte.**

**Helsing jordmødre og helsesjukepleiarar i Austevoll kommune**